

Statutt for feltkarusell

Deltaking

Feltkarusellen er open for skyttarar i alle samlag og skyttarlag.

Karusellen omhandlar klassene: Rekrutt, eldre rekrutt, junior, eldre junior, nybyrjar vaksen, kikkertklassen, klasse 1-5, klasse V55, klasse V65, klasse V73, HK416 og open klasse.

Oppsett

Alle opne feltstemne i Sunnmør Skyttarsamlag tel i karusellen.

Ved mange avlysingar av stemner, og det ikkje er mogleg å oppnå tre feltstemner, vil samlagstyret gå inn og vurdere om karusellen skal avlysast for inneverande sesong.

Program

Det er 30-skota som er teljande i karusellen. Arrangøren står fritt til å arrangere 42-skotsstemne, men finaleomgangen vil ikkje verte teljande med i samandraget.

På finfelt er det krav om ikkje-teljande innskytingshold. Det oppfordrast til innskytingshold også på grovfelt. Det er opp til arrangør om det skal vere ikkje-teljande eller teljande.

Rangering

Det arrangerast ikkje finale i karusellen. Resultata blir rangert etter dei 3 beste feltstemna. Dersom det er fleire skyttarar med lik mengde treff når karusellen avsluttast, vil rangeringa vere følgjande:

1. Total mengde sentrumstreff
2. Beste enkeltresultat inkludert sentrumstreff, nest beste enkeltresultat inkludert sentrumstreff, tredje beste enkeltresultat inkludert sentrumstreff

Premiering

Ein må ha minimum 3 teljande feltstemne for å kunne vinne medalje.

Medalje i gylt og sølv gitt etter mengde deltakarar med 3 teljande feltstemne:

1-10 deltakarar: 1 Gylt medalje

11-21 deltakarar: 1 Gylt og 1 sølv medalje

Klasse 2-5/EJ/ V55 premierast samla, elles klassevis.